

Hordaland fylkeskommune

03 FEB 2015

02.02.2015

Hordaland fylkeskommune
v/Ronny Skår
Kultur og - idrettsavdelinga

BYMUSEET.

ALVØEN HOVEDBYGNING
BRYGGENS MUSEUM
DAMSGÅRD HOVEDGÅRD
GAMLE BERGEN MUSEUM
HORDAMUSEET
HÅKONSHALLEN
LEPRAMUSEET
ROSENKRANTZTÅRNET
SKOLEMUSEET

Bymuseet i Bergen
Postboks 4052 Sandviken
NO-5835 Bergen
Tlf. 55 58 80 10
post@bymuseet.no
Org.nr. 988 212 024 MVA
www.bymuseet.no

Museumstur Orknøyane, 28. - 30. september 2015

Søknad om reisestønad

Anna kvart år reiser Bymuseet i Bergen på fellestur for å bli inspirert og for å læra. I år prøver vi å få til ein tur til Orknøyane sidan Bergen og Orknøyane etter gamalt har hatt ein sterk og langvarig kulturell og økonomisk kontakt. Særleg for Bymuseet vil det vera svært interessant å få vitja desse øyane. Museet er sett saman av eit mangfald av institusjonar frå Håkonshallen til Damsgård Hovegård, frå Hordamuseet til Bryggens Museum o.s.b. Vi kjenner oss sikre på at vi alle vil ha eit stort utbytte av å oppleva øyriket med det store mangfald av kulturelle ytringar. Clare Gee som er ansvarleg for alle musea på Orknøyane saman med Tom Muir har sagt seg viljug til å sy saman eit interessant og relevant program for oss for desse tre dagane.

Sidan vi plar vera rundt 45 personar på museumsturane våre, og flyet frå Aberdeen til Kirkwall berre tek 33 passasjerar, var det umogleg å reisa den vegen. Vi tok difor kontakt med Widerøe som kan fly charter til Orknøyane med gruppa. Charterfly aukar reisekostnadane monaleg, men samstundes går det svært lite tid bort i sjølve reisa, og vi får meir tid til sjølve opphaldet.

Ei vitjing vil utan tvil knyta nye kontaktar med tanke på framtidig kultur- og utstillingssamarbeid. Vi vonar at Hordaland Fylkeskommune kan hjelpa oss med å knyta gode kontaktar på Orknøyane. Om det vert ledig plass på flyet stiller vi gjerne dei plassane til disposisjon for HFK. Om HFK har ideear til kva programmet bør innehalda er vi svært takksame for innspel.

Kostnader:

Charterfly direkte (Widerøe)	226000
Overnatting Kirkwall Hotel inkl. frukost	45000
Lunsj og middag til saman kr. 300 pr. pers pr. dag	40500
Buss to heile dagar á kr 4500	9000
Buss frå og til flyplass	2000
Utlegg til guide	3000
Til saman	kr. 325.500

Finansiering:

Tilskot Bymuseet	103.000
Tilsette sparing, 45 personar	162.500
Tilskot Hordaland Fylkeskommune	60.000
Til saman	Kr 325.500

Vi søker med dette Hordaland Fylkeskommune om ei reisestønad på kr. 60.000 til fellestur Orknøyane 28.-30. september 2015 og håpar på snarleg svar.



Marianne L. Nielsen

Direktør

Bymuseet i Bergen